



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Volda samfunnshus, festsalen
Dato:	21.05.2026
Tid:	kl. 13.00

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Margrete Trovåg	Ap	medlem
Sverre Leivdal	Ap	varaordfører
Asbjørn Tore Humberst	Frp	medlem
Bjørnar Fylling	Frp	medlem
Elin Løvøy Wilhelmsen	Frp	medlem
Synnøve Mikkelsen Leirvik	Frp	medlem
Dan Helge Bjørneset	H	medlem
Heidi Berg-Rusten Grevstad	H	medlem
Sindre Rotevatn	H	medlem
Thore Heggen	H	medlem
Anders Egil Straume, møte kl. 13.20.	KrF	medlem
Henning Holsvik	KrF	medlem
Henriette Hafsaas	MDG	medlem
Gudrun Kløve Juuhl	R	medlem
Hans Peter Eidseflot	SP	medlem
Ingrid Salt	SP	medlem
Ola Perry Saure	SP	medlem
Olin Bruheim Løvlid	SP	medlem
Rebecca Riise Bjerknes	SP	medlem
Sølvi Dimmen	SP	ordfører
Åsmund Seljeset	SP	medlem
Anne Karin Espe	SV	medlem
Gunnar Strøm	SV	medlem
Jan Erik Stokkeland	SV	medlem
Kari Aslaug Hasle	SV	medlem
Finn Arne Follestad	UAV	medlem
Stig Helland	V	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Connie Steffenakk Bakke	Ap	Amanda Trovåg Bjørneset	Ap
Lars Alv Haugen	Ap		
Roger André Solheim	Ap		
Edvin Dale	H	Camilla Gjelsvik	H
Dagfinn Kristiansen	INP	Jonas Sollid Egset	INP
Jørund Stig Knardal	KrF	Hilde Balsnes Lande	KrF

Andre som møtte

Aina Øyehaug Opsvik – leiar interkommunalt barnevernteneste

Cecilie Bjørlykke – avdelingsleiar skule

Kari-Janne Ljones Kulø – avdelingsleiar barn og familie

Kari Mette Sundgot – økonomisjef

Nina Garshol – leiar PPT

Per Ivar Kongsvik – kommunalsjef oppvekst

Rune Sjurgard - kommunedirektør

Sonja Håvik – møtesekretær

Arild Høydal – prosjektleiar Tussa Kraft AS

Inhabile	Sak	Merknad
Sindre Rotevatn	OS 25/26	Styreleiar i Tussa kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2
Hans Peter Eidseflot	OS 29/26	Dagleg leiar i Volda og Ørsta reinhaldsverk, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2
Sindre Rotevatn	PS 36/26	Styreleiar i Tussa kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2
Sindre Rotevatn	PS 35/26	Styreleiar i Tussa kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 27/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1556
PS 28/26	Godkjenning av protokoll	26/1556
PS 29/26	Orienteringar	26/1556
OS 25/26	Tussa Kraft - Orientering om kraftutbygging	26/1556
OS 26/26	Høyringsuttale – Planprogram for Hovudplan vatn, avløp og overvatn 2027–2037	26/1026
OS 27/26	Møteprotokoll - Volda kontrollutval - 30.04.2026	19/15644
OS 28/26	Fremsams generalforsamling 23.04.2026 - protokoll og presentasjon fra Helsedirektoratet	26/584
OS 29/26	Innstilling til val av styrerepresentantar i Volda og Ørsta reinhaldsverk (VØR)	22/2955
OS 30/26	Oppfølging av verbalpunkt 13 i budsjettet (Dalsfjord og Ulvestad skulekrins)	26/1556
OS 31/26	Førespurnad om å ta opp sak om leksefri skule i kommunestyret	26/1538
PS 30/26	Årsrekneskap 2025 og Årsrapport 2025 Volda kommune	26/846
PS 31/26	Økonomirapport 1. kvartal 2026 Volda kommune	26/1356
PS 34/26	Tilstandsrapport barnevern og skule 2025	26/866
PS 32/26	SiVolda - klage og søknad om fritak frå eigedomsskatt	26/598
PS 33/26	Søknad om kommunal garanti, Volda Turn og idrettslag Allidrett	26/1108
PS 36/26	Høyring - Anleggskonsesjon og Detaljplan for miljø og landskap - Nye Tussa kraftverk – Bjørke	26/1092
PS 37/26	Etablering av ny løysing for beredskapskommunikasjon	26/1438
PS 38/26	Felles beredskapsråd Volda og Ørsta kommunar	26/802
PS 35/26	Tussa Energi AS – Avtalar om leige av fallrettar – Tilslutning til kompromiss	24/914
PS 39/26	Val av nytt medlem i Volda eldreråd	22/2955

Volda, 22.05.2026

Sølvi Dimmen
ordfører

PS 27/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Behandling:

Innleiingsvis i møtet spelte Signe Arnesen Festøy Pirates of the Caribbean på klarinett, saman med lærar Agnethe Teige på piano.

Opprop

Det var 30 møtande ved møtestart.

Sakliste

Guðrún Kløve Juuhl (R) reiste spørsmål om OS 31/26 kunne handsamast som ei politisk sak. Ordføraren informerte om at saka ikkje er utgreidd og vert lagt fram til behandling i formannskapet.

PS 28/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 26.03.2026 vart godkjent.

PS 29/26 Orienteringar

OS 25/26 Tussa Kraft - Orientering om kraftutbygging

Inhabile	Merknader
Sindre Rotevatn	Styreleiar i Tussa kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2

Behandling:

Arild Høydal, prosjektleiar i Tussa kraft AS, orienterte om Tussa kraft sine planar om nytt kraftverk og infrastruktur på Bjørke.

Anders Egil Straume (Krf) møtte kl. 13.20.

OS 26/26 Høyringsuttale – Planprogram for Hovudplan vatn, avløp og overvatn 2027–2037

OS 27/26 Møteprotokoll - Volda kontrollutval - 30.04.2026

OS 28/26 Fremsams generalforsamling 23.04.2026 - protokoll og presentasjon fra Helsedirektoratet

OS 29/26 Innstilling til val av styrerepresentantar i Volda og Ørsta reinhaldsverk (VØR)

Inhabile	Merknader
Hans Peter Eidseflot	Dagleg leiar i Volda og Ørsta reinhaldsverk, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2

OS 30/26 Oppfølging av verbalpunkt 13 i budsjettet (Dalsfjord og Ulvestad skulekrins)

Amanda Trovåg Bjørneset (AP) reiste spørsmål om habilitet, ho er lærar ved Dalsfjord skule, jf. fvl. § 6, 2. ledd. Ho vart samrøystes kjent habil og tok sete.

Ordføraren orienterte om prosessen som har vore gjennomført i bygda knytt til skuledrift.

OS 31/26 Førespurnad om å ta opp sak om leksefri skule i kommunestyret

Henriette Hafsaas (MDG) reiste spørsmål om habilitet, sonen er ein av avsendarane av brevet til ordførar. Hafsaas vart ikkje vurdert som inhabil i saka.

Ordføraren informerte om bakgrunnen for at saka kom opp til handsaming i kommunestyret. Formannskapet arbeider vidare med saka i førstkomande møte.

Kommunalsjef oppvekst orienterte.

PS 30/26 Årsrekneskap 2025 og Årsrapport 2025 Volda kommune

Vedtak:

Volda kommune sitt årsrekneskap for år 2025 og årsrapport for år 2025 vert vedteke slik det ligg føre

Behandling:

Kommunedirektør Rune Sjurgard og økonomisjef Kari Mette Sundgot orienterte.

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), AP (3 stemmer), KrF (3 stemmer), UAV (1 stemme), INP (1 stemme), V (1 stemme), MDG (1 stemme), R (1 stemme)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 12.05.2026 - 83/26

Volda kommune sitt årsrekneskap for år 2025 og årsrapport for år 2025 vert vedteke slik det ligg føre

PS 31/26 Økonomirapport 1. kvartal 2026 Volda kommune

Vedtak:

1. Kommunestyret tek finans- og gjeldsrapport 1. kvartal 2026 til vitande
2. Kommunestyret tek økonomirapport etter 1. kvartal 2026 til vitande.
3. Volda kommune sin økonomirapport etter 1. kvartal vert godkjent med dei budsjettendringar som følgjer under "Samla forslag til budsjettendringar" for driftsbudsjettet og "Status §5-5 første og andre ledd" for investeringar. Dette gir følgjande endringar mot disposisjonfondet i forhold til opprinneleg budsjett 2026:

Disposisjonsfondet	År 2026
IB 01.01	72 358 937
Bruk av fond vedtatt i økonomiplan 2026-2029	-36 213 826
Endring innstilling 1. kvartal 2026	3 675 854
Budsjettet UB 31.12	39 820 965

- Finansreglementet kap. 7.5 Val av rentebidningsperiode- bruk av sikringsinstrument, punkt b) vert endra til:
"Gjennomsnittleg resterande bindingstid (durasjon-vekta rentbindingstid) på samla renteberande gjeld bør til ei kvar tid vere mellom 0,5 og 5 år"
- Volda kommune vil frå juli månad endre fakturafrekvens for kommunale avgifter og eigedomsskatt til månadleg fakturering
- Sektor Samfunnsuikling vert frå og med 2026 delt opp i to områder for å skille ut sjølvkostområdet. Dette vil gå fram av rammene som kommunestyret fordeler til sektorane, men sektor "Samfunnsutvikling - sjølvkost" vil ha nettoramme 0
- Det vert oppretta eige bundne investeringsfond merka "Fond tilfluktsrom" med kr 346 242. Midlane vart i år 2023 overført frå bundne investeringsfond til ubundne investeringsfond. Det har no kome krav om at desse skal stå som bundne fond.
- Administrasjonen kjem tilbake til kommunestyret med ei orientering om det konkrete arbeidet knytt til høgare nærvere i kvart av tenesteområda. Orienterings skal svare ut korleis verbalvedtaket i budsjettet om sjukefråvere vert fulgt opp, samt eventuelle andre tiltak og verkty.

Behandling:

Forslag til vedtak:

Tilleggsforslag frå Rebecca Riise Bjerknes (SP):

Administrasjonen kjem tilbake til kommunestyret med ei orientering om det konkrete arbeidet knytt til høgare nærvere i kvart av tenesteområda. Orienterings skal svare ut korleis verbalvedtaket i budsjettet om sjukefråvere vert fulgt opp, samt eventuelle andre tiltak og verkty.

Kommunedirektør Rune Sjurgard og økonomisjef Kari Mette Sundgot orienterte.

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Forslaget frå Rebecca Riise Bjerknes (SP) vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), AP (3 stemmer), KrF (3 stemmer), UAV (1 stemme), INP (1 stemme), V (1 stemme), MDG (1 stemme), R (1 stemme)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 12.05.2026 - 84/26:

1. Kommunestyret tek finans- og gjeldsrapport 1. kvartal 2026 til vitande
2. Kommunestyret tek økonomirapport etter 1. kvartal 2026 til vitande.
3. Volda kommune sin økonomirapport etter 1. kvartal vert godkjent med dei budsjettendringar som følgjer under "Samla forslag til budsjettendringar" for driftsbudsjettet og "Status §5-5 første og andre ledd" for investeringar.
Dette gir følgjande endringar mot disposisjonfondet i forhold til opprinneleg budsjett 2026:

Disposisjonsfondet	År 2026
IB 01.01	72 358 937
Bruk av fond vedtatt i økonomiplan 2026-2029	-36 213 826
Endring innstilling 1. kvartal 2026	3 675 854
Budsjettert UB 31.12	39 820 965

4. Finansreglementet kap. 7.5 Val av rentebidningsperiode- bruk av sikringsinstrument, punkt b) vert endra til:
"Gjennomsnittleg resterande bindingstid (durasjon-vekta rentbindingstid) på samla renteberande gjeld bør til ei kvar tid vere mellom 0,5 og 5 år"
5. Volda kommune vil frå juli månad endre fakturafrekvens for kommunale avgifter og eigedomsskatt til månadleg fakturering
6. Sektor Samfunnsutvikling vert frå og med 2026 delt opp i to områder for å skille ut sjølvkostområdet. Dette vil gå fram av rammene som kommunestyret fordeler til sektorane, men sektor "Samfunnsutvikling - sjølvkost" vil ha nettoramme 0
7. Det vert oppretta eige bundne investeringsfond merka "Fond tilfluktsrom" med kr 346 242. Midlane vart i år 2023 overført frå bundne investeringsfond til ubundne investeringsfond. Det har no kome krav om at desse skal stå som bundne fond.

PS 34/26 Tilstandsrapport barnevern og skule 2025

Vedtak:

1. Tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 vert teken til vitende.
2. Tilstandsrapporten for grunnskulen 2025 vert teken til vitende.

Behandling:

Desse orienterte og svara på spørsmål frå kommunestyret:

Kommunalsjef Per Ivar Kongsvik, avdelingsleiar for barn og familie, Kari-Janne Ljones Kulø, leiar for interkommunalt barnevern, Aina Opsvik, leiar for PPT, Nina Garshol og nestleiar i PPT Randi Ottesen og avdelingsleiar skule, Cecilie Bjørlykke.

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), AP (3

stemmer), KrF (3 stemmer), V (1 stemme), MDG (1 stemme), INP (1 stemme), UAV (1 stemme), R (1 stemme)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 28.04.2026 - 72/26

1. Tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 vert teken til vitende.
2. Tilstandsrapporten for grunnskulen 2025 vert teken til vitende.

PS 32/26 SiVolda - klage og søknad om fritak frå eigedomsskatt

Vedtak:

Det vert vist til søknad om fritak frå eigedomsskatt for Studentsamskipnaden i Volda sine studentbustadar og kommunestyret finn ikkje å kunne imøtekomme søknaden.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå formannskapet fekk 30 stemmer og vart vedtatt, ei stemme mot.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), AP (3 stemmer), KrF (3 stemmer), V (1 stemme), MDG (1 stemme), INP (1 stemme), UAV (1 stemme)

Stemte mot parti: R (1 stemme)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 12.05.2026 - 86/26

Det vert vist til søknad om fritak frå eigedomsskatt for Studentsamskipnaden i Volda sine studentbustadar og kommunestyret finn ikkje å kunne imøtekomme søknaden.

PS 33/26 Søknad om kommunal garanti, Volda Turn og idrettslag Allidrett

Vedtak:

1. Volda kommune gjev Volda Turn og Idrettslag Allidrett ein simpel garanti på kr 1 500 000 som sikkerheit for lån. Formålet er etablering av skileik- og rulleskianlegg på Reset
2. Garantien gjeld for lånet sin hovudstol maks kroner 1 500 000,- med tillegg av 10 % av kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostningar.
Volda kommune sitt maksimale garantiansvar kan då ikkje overstige kr. 1 500 000,- + 10 %, totalt kr. 1 650 000,-

3. Garantien er gyldig frå utbetalingsdato og i 15 år
4. Garantien vert redusert i takt med nedbetaling av lånet og vert opphøyrte etter 15 år.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), AP (3 stemmer), KrF (3 stemmer), V (1 stemme), MDG (1 stemme), INP (1 stemme), UAV (1 stemme).

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 12.05.2026 - 85/26:

1. Volda kommune gjev Volda Turn og Idrettslag Allidrett ein simpel garanti på kr 1 500 000 som sikkerheit for lån. Formålet er etablering av skileik- og rulleskianlegg på Reset
2. Garantien gjeld for lånet sin hovudstol maks kroner 1 500 000,- med tillegg av 10 % av kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostningar.
Volda kommune sitt maksimale garantiansvar kan då ikkje overstige kr. 1 500 000,- + 10 %, totalt kr. 1 650 000,-
3. Garantien er gyldig frå utbetalingsdato og i 15 år
4. Garantien vert redusert i takt med nedbetaling av lånet og vert opphøyrte etter 15 år.

PS 36/26 Høyring - Anleggskonsesjon og Detaljplan for miljø og landskap - Nye Tussa kraftverk - Bjørke

Vedtak:

Kommunestyret gjev uttale til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) til søknad om anleggskonsesjon og detaljplan for miljø og landskap for Tussa II kraftverk og rehabilitering av Dam Tyssevatnet, slik han ligg føre, med følgjande merknader:

Volda kommune viser til oversending frå NVE datert 07.04.2026, der søknad om anleggskonsesjon for nettilknyting og detaljplan for miljø og landskap for bygging av nye Tussa kraftverk er sendt på høyring. Kommunen uttalar seg som lokal styresmakt og planmyndigheit. Uttalen gjeld høvet mellom detaljplanen og lokale miljø-, landskaps- og arealinteresser innan ramma av gjeldande konsesjon. Uttalen til anleggskonsesjonen gjeld det elektriske anlegget. Kommunen legg til grunn at prinsipielle vurderingar av tiltaket er avklara gjennom konsesjonsvedtaket. Kommunen sine merknader rettar seg difor mot konkretisering, utforming og gjennomføring i anleggs- og istandsettingsfasen.

1. Kommunen ber om at terrenginngrep vert avgrensa mest mogleg og at føringar og krav til gjennomføring vert følgt opp i anleggsperioden. Det bør gå betre fram korleis skjeringar, fyllingar og synlege konstruksjonar skal avsluttast og revegeterast, spesielt er dette mangelfullt for tiltak ved portalområdet nede i bygda.
Fotomontasjar/illustrasjonar bør vise situasjon både under anlegg og etter

istandsetting. Kommunen føreset at alle mellombelse tiltak vert fjerna og terrenget istandsett i samsvar med detaljplanen etter avslutta anlegg.

2. Eventuelle stiar/traséar som vert råka må sikrast gjennom mellombelse omleggingar. Då fjellområdet er attraktivt også blant andre enn lokalbefolkninga, er det viktig med god informasjon i kart om omleggingar av stinett og område som vert utilgjengelege i anleggstida.
3. Det må kome tydeleg fram kva jordbruksareal som vert mellombels omdisponert. Ved tilbakeføring av dyrkajord er det svært viktig at kunnskapen i rettleiarane det er vist til, vert formidla til og brukt av utøvande entreprenør. Det må beskrivast kva som skal gjerast dersom ein skadar eller i etterkant oppdagar at drenering i jordbruksareala er skada. Det er vidare viktig at grunneigarane ikkje misser tilgangen til teigane side. Det må difor sikrast at utforminga gjev tilstrekkelege av- og påkøyrslar til terreng langs vegen, i samråd og semje med grunneigarane.
4. Ut frå omfanget av massar som skal transporterast ut av området er det nødvendig med eit ekstra fokus på at transportløyisingar for uttransportering av massar vert planlagde slik at belastninga på lokalsamfunnet vert minst mogleg og at omsyn til støy, trafiksikkerheit og mjuke trafikantar vert følgt opp i periodar med høg transportaktivitet.
5. Kommunen føreset at det vert gjennomført nødvendige støyreduserande tiltak, som mellom anna tilpassing av arbeidstider, tekniske og praktiske løysingar, og god dialog med berørte naboar. Ved eventuell massetransport langs fv. 5892 i Skjåstaddalen må det utførast eiga støyvurdering og sikre tiltak for berørte naboar.
6. Kommunen meiner det er viktig at detaljplanen vert følgt opp gjennom tett dialog i anleggsfasen og at sluttrapport dokumenterer at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon og godkjent detaljplan
7. Kommunen vil peike på at viss massetransporten frå Bjørke gjennom Skjåstaddalen vil påføre vegen belastningar den ikkje er dimensjonert for, må vegen oppgraderast. Sidan desse belastningane må sjåast som ein del av anlegget - men òg for Fv60 - er det bra at Tussa, fylkeskommunen og grunneigarane er i dialog om korleis dette skal handterast og dekkast. Trass i at det viktig at Fv60 får massene som trengs, vil kommunen oppmode om at så mykje masse som mogleg, blir frakta sjøvegen, både utifrå støy, trafikkmengde, tryggleik, miljø mm.
8. Kommunen vil oppmode både Tussa og NVE om å bruke kabel og ikkje fjordspenn. Både visuelt og i forhold til trygghet og beredskap, er kabel å føretrakkje. Visuelt er det òg viktig at trafostasjonen ved Tyssefossen blir trekt eit stykke vekk. Det visuelle er viktig både for lokalbefolkninga og turistar, og må takast på høgste alvor, sidan Hjørundfjorden er registrert som "utvald kulturlandskap".

Volda kommune har elles ikkje merknader til detaljplanen og søknad om anleggskonsesjon og ber om at innspela vert tekne med i NVE si vidare handsaming.

Inhabile	Merknadar
Sindre Rotevatn	Styreleiar i Tussa kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2

Behandling:

Forslag til vedtak:

Nytt forslag frå Stig Helland (V):

Tillegg til k-sak 36/26:

7. Kommunen vil peike på at viss massetransporten frå Bjørke gjennom Skjåstaddalen vil påføre vegen belastningar den ikkje er dimensjonert for, må vegen oppgraderast. Sidan desse belastningane må sjåast som ein del av anlegget - men òg for Fv60 - er det bra at Tussa, fylkeskommunen og grunneigarane er i dialog om korleis dette skal handterast og dekkast.

Trass i at det viktig at Fv60 får massene som trengs, vil kommunen oppmode om at så mykje masse som mogleg, blir frakta sjøvegen, både utifrå støy, trafikkmengde, tryggleik, miljø mm.

8. Kommunen vil oppmode både Tussa og NVE om å bruke kabel og ikkje fjordspenn. Både visuelt og i forhold til trygghet og beredskap, er kabel å føretrekkje. Visuelt er det òg viktig at trafostasjonen ved Tyssefossen blir trekt eit stykke vekk. Det visuelle er viktig både for lokalbefolkninga og turistar, og må takast på høgste alvor, sidan Hjørundfjorden er registrert som "utvald kulturlandskap".

9. Kommunen kan fråfalle forslaget om dagsturhytte/gapahuk på Åsen, viss dette ikkje let seg kombinere med utmark og beiter. Kommunen stiller positive til at det blir opparbeidd anlegg for fellesaktivitetar og rekreasjon på Bjørke. Desse tiltaka kan Bjørke grendalag, kommunen og Tussa vurdere i lag.

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), AP (3 stemmer), KrF (3 stemmer), H (3 stemmer), V (1 stemme), UAV (1 stemme), R (1 stemme), MDG (1 stemme), INP (1 stemme)

Forslaget får Stig Helland (V) nytt punkt 7 fekk 17 stemmer og vart vedtatt, 12 stemde mot.

Stemte for parti: SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), AP (3 stemmer), SP (2 stemmer), V (1 stemme), R (1 stemme), MDG (1 stemme), INP (1 stemme)

Stemte mot parti: SP (5 stemmer), KrF (3 stemmer), H (3 stemmer), UAV (1 stemme)

Stemte for personar: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Margrete Trovåg (AP), Sverre Leivdal (AP), Asbjørn Tore Humberstet (FrP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Jonas Sollid Egset (INP), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Ola Perry Saure (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Stig Helland (V)

Stemte mot personar: Dan Helge Bjørneset (H), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Thore Heggen (H), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Hilde Balsnes Lande (KrF), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Finn Arne Follestad (UAV)

Forslaget får Stig Helland (V) nytt punkt 8 fekk 19 stemmer og vart vedtatt, 10 stemde mot.

Stemte for parti: SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), AP (3 stemmer), KrF (2 stemmer), SP (2 stemmer), R (1 stemme), V (1 stemme), UAV (1 stemme), INP (1 stemme), MDG (1 stemme)

Stemte mot parti: SP (5 stemmer), H (3 stemmer), KrF (1 stemme)

Stemte for personar: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Margrete Trovåg (AP), Sverre Leivdal (AP), Asbjørn Tore Humberget (FrP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Jonas Sollid Egset (INP), Henning Holsvik (KrF), Hilde Balsnes Lande (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Ola Perry Saure (SP), Sølvi Dimmen (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Finn Arne Follestad (UAV), Stig Helland (V)

Stemte mot personar: Dan Helge Bjørneset (H), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Thore Heggen (H), Anders Egil Straume (KrF), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Åsmund Seljeset (SP)

Forslaget får Stig Helland (V) nytt punkt 9 fekk 11 stemmer og fall, 18 stemde mot.

Stemte for parti: FrP (4 stemmer), AP (3 stemmer), SV (2 stemmer), SP (1 stemme), V (1 stemme), MDG (1 stemme)

Stemte mot parti: SP (6 stemmer), KrF (3 stemmer), H (3 stemmer), SV (2 stemmer), INP (1 stemme), UAV (1 stemme), R (1 stemme)

Stemte for personar: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Margrete Trovåg (AP), Sverre Leivdal (AP), Asbjørn Tore Humberget (FrP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Henriette Hafsaas (MDG), Ola Perry Saure (SP), Anne Karin Espe (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Stig Helland (V)

Stemte mot personar: Dan Helge Bjørneset (H), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Thore Heggen (H), Jonas Sollid Egset (INP), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Hilde Balsnes Lande (KrF), Gudrun Kløve Juuhl (R), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Finn Arne Follestad (UAV)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 12.05.2026 - 88/26

Kommunestyret gjev uttale til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) til søknad om anleggskonsesjon og detaljplan for miljø og landskap for Tussa II kraftverk og rehabilitering av Dam Tyssevatnet, slik han ligg føre, med følgjande merknader:

Volda kommune viser til oversending frå NVE datert 07.04.2026, der søknad om anleggskonsesjon for nettilknytning og detaljplan for miljø og landskap for bygging av nye Tussa kraftverk er sendt på høyring. Kommunen uttalar seg som lokal styresmakt og planmyndigheit. Uttalen gjeld høvet mellom detaljplanen og lokale miljø-, landskaps- og arealinteresser innan ramma av gjeldande konsesjon. Uttalen til anleggskonsesjonen gjeld det elektriske anlegget. Kommunen legg til grunn at prinsipielle vurderingar av tiltaket er avklara gjennom konsesjonsvedtaket. Kommunen sine merknader rettar seg difor mot konkretisering, utforming og gjennomføring i anleggs- og istandsettingsfasen.

1. Kommunen ber om at terrenginngrep vert avgrensa mest mogleg og at føringar og krav til gjennomføring vert følgt opp i anleggsperioden. Det bør gå betre fram korleis skjeringar, fyllingar og synlege konstruksjonar skal avsluttast og revegeterast, spesielt er dette mangelfullt for tiltak ved portalområdet nede i bygda. Fotomontasjar/illustrasjonar bør vise situasjon både under anlegg og etter istandsetting. Kommunen føreset at alle mellombelse tiltak vert fjerna og terrenget istandsett i samsvar med detaljplanen etter avslutta anlegg.

2. Eventuelle stiar/traséar som vert råka må sikrast gjennom mellombelse omleggingar. Då fjellområdet er attraktivt også blant andre enn lokalbefolkninga, er det viktig med god informasjon i kart om omleggingar av stinett og område som vert utilgjengelege i anleggstida.
3. Det må kome tydeleg fram kva jordbruksareal som vert mellombels omdisponert. Ved tilbakeføring av dyrkajord er det svært viktig at kunnskapen i rettleiarane det er vist til, vert formidla til og brukt av utøvande entreprenør. Det må beskrivast kva som skal gjerast dersom ein skadar eller i etterkant oppdagar at drenering i jordbruksareala er skada. Det er vidare viktig at grunneigarane ikkje misser tilgangen til teigane side. Det må difor sikrast at utforminga gjev tilstrekkelege av- og påkøyrslar til terreng langs vegen, i samråd og semje med grunneigarane.
4. Ut frå omfanget av massar som skal transporterast ut av området er det nødvendig med eit ekstra fokus på at transportløysingar for uttransportering av massar vert planlagde slik at belastninga på lokalsamfunnet vert minst mogleg og at omsyn til støy, trafiksikkerheit og mjuke trafikantar vert følgt opp i periodar med høg transportaktivitet.
5. Kommunen føreset at det vert gjennomført nødvendige støyreducerande tiltak, som mellom anna tilpassing av arbeidstider, tekniske og praktiske løysingar, og god dialog med berørte naboar. Ved eventuell massetransport langs fv. 5892 i Skjåstaddalen må det utførast eiga støyvurdering og sikre tiltak for berørte naboar.
6. Kommunen meiner det er viktig at detaljplanen vert følgt opp gjennom tett dialog i anleggsfasen og at sluttrapport dokumenterer at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon og godkjent detaljplan

Volda kommune har elles ikkje merknader til detaljplanen og søknad om anleggskonsesjon og ber om at innspela vert tekne med i NVE si vidare handsaming.

PS 37/26 Etablering av ny løysing for beredskapskommunikasjon

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å etablere ny løysing for beredskapskommunikasjon basert på lågbanesatellitt.
2. Tiltaket skal gjennomførast innanfor vedtekne budsjett- og økonomiske rammer.
3. Eksisterande satellitttelefon-løysing vert sagt opp for utfasing når ny løysing er operativ.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), AP (3 stemmer), KrF (3 stemmer), MDG (1 stemme), UAV (1 stemme), V (1 stemme), INP (1 stemme), R (1 stemme)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 12.05.2026 - 87/26

1. Kommunestyret vedtek å etablere ny løysing for beredskapskommunikasjon basert på lågbanesatellitt.
2. Tiltaket skal gjennomførast innanfor vedtekne budsjett- og økonomiske rammer.
3. Eksisterande satellittelefon-løysing vert sagt opp for utfasing når ny løysing er operativ.

PS 38/26 Felles beredskapsråd Volda og Ørsta kommunar

Vedtak:

Kommunestyret vedtek at Volda og Ørsta skal ha felles beredskapsråd, for å betre samordning av ressursar, og gi eit betre grunnlag for handtering av store hendingar på tvers av kommunegrensa.

Samansettinga av beredskapsrådet krev likelydande vedtak i Volda og Ørsta kommunar.

Kommunestyret vedtek slik samansetting av felles beredskapsråd:

Kommunane

- Ordførarane
- Kommunedirektørane
- Beredskapskoordinatorar
- Brannsjefar
- Kommuneoverlegar
- Interkommunal legevakt (felles)
- Kommunikasjonsansvarlege
- Landbruk (felles)
- NAV (felles)

Statlege aktørar

- Politiet (felles)
- Statsforvaltaren (felles)
- Sivilforsvaret (felles)
- Heimevernet (felles)
- Helse Møre og Romsdal HF (felles)
- Høgskulen/samskipnaden

Infrastruktur og næringsliv

- Kraftselskap/Linja (felles)
- SSIKT (felles)
- Statens vegvesen (felles)
- Møre og Romsdal fylkeskommune som vegmynde (felles)
- Avinor (felles)
- Volda næringsforum
- Ørsta næringskontor

Frivillige organisasjonar

- Røde Kors (Volda og Ørsta)
- Representant frå sanitetslag

- Kyrkja (Volda og Ørsta)

Behandling:

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), AP (3 stemmer), KrF (3 stemmer), MDG (1 stemme), UAV (1 stemme), V (1 stemme), INP (1 stemme), R (1 stemme)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 28.04.2026 - 78/26:

Kommunestyret vedtek at Volda og Ørsta skal ha felles beredskapsråd, for å betre samordning av ressursar, og gi eit betre grunnlag for handtering av store hendingar på tvers av kommunegrensa.

Samansettinga av beredskapsrådet krev likelydande vedtak i Volda og Ørsta kommunar.

Kommunestyret vedtek slik samansetting av felles beredskapsråd:

Kommunane

- Ordførarane
- Kommunedirektørane
- Beredskapskoordinatorar
- Brannsjefar
- Kommuneoverlegar
- Interkommunal legevakt (felles)
- Kommunikasjonsansvarlege
- Landbruk (felles)
- NAV (felles)

Statlege aktørar

- Politiet (felles)
- Statsforvaltaren (felles)
- Sivilforsvaret (felles)
- Heimevernet (felles)
- Helse Møre og Romsdal HF (felles)
- Høgskulen/samskipnaden

Infrastruktur og næringsliv

- Kraftselskap/Linja (felles)
- SSIKT (felles)
- Statens vegvesen (felles)
- Møre og Romsdal fylkeskommune som vegmynde (felles)
- Avinor (felles)
- Volda næringsforum
- Ørsta næringskontor

Frivillige organisasjonar

- Røde Kors (Volda og Ørsta)
- Representant frå sanitetslag
- Kyrkja (Volda og Ørsta)

PS 35/26 Tussa Energi AS – Avtalar om leige av fallrettar – Tilslutning til kompromiss

Vedtak:

Kommunestyret syner til saksutgreiinga og gjer om inkje vedtaket i sak 79/25 og erstattar det med følgjande nye vedtak:

Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til avtalar av 29.04.26 mellom Volda kommune og Tussa Energi

1. Avtale knytt til leigeavtalen av 1953 (Tussa kraftverk).
2. Avtale av knytt til leigeavtalen av 1948 (Sørbrandal kraftverk).

Inhabile	Merknader
Sindre Rotevatn	Styreleiar i Tussa kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. l, e, nr. 2

Behandling:

Votering

Innstillinga frå formannskapet fekk 29 stemmer og vart vedtatt, ei stemme mot.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), AP (3 stemmer), KrF (3 stemmer), H (3 stemmer), UAV (1 stemme), V (1 stemme), R (1 stemme), INP (1 stemme), MDG (1 stemme)

Stemte mot parti: H (1 stemme)

Stemte for personar: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Margrete Trovåg (AP), Sverre Leivdal (AP), Asbjørn Tore Humberset (FrP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Dan Helge Bjørneset (H), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Thore Heggen (H), Jonas Sollid Egset (INP), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Hilde Balsnes Lande (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Ola Perry Saure (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Finn Arne Follestad (UAV), Stig Helland (V)

Stemte mot personar: Camilla Gjelsvik (H)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 12.05.2026 - 89/26

Kommunestyret syner til saksutgreiinga og gjer om inkje vedtaket i sak 79/25 og erstattar det med følgjande nye vedtak:

Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til avtalar av 29.04.26 mellom Volda kommune og Tussa Energi

1. Avtale knytt til leigeavtalen av 1953 (Tussa kraftverk).
2. Avtale av knytt til leigeavtalen av 1948 (Sørbrandal kraftverk).

PS 39/26 Val av nytt medlem i Volda eldreråd

Vedtak:

Annlaug Stokke vert valt som nytt medlem i eldrerådet for inneverande kommunestyreperiode.

Behandling:

Det vart halde eitt minutt stillheit til minne om Magnhild Sande.

Votering

Innstillinga frå valutvalet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), AP (3 stemmer), KrF (3 stemmer), MDG (1 stemme), UAV (1 stemme), INP (1 stemme), V (1 stemme), R (1 stemme).

Vedtak som innstilling frå Valutval - 21.05.2026 - 06/26

Annlaug Stokke vert valt som nytt medlem i eldrerådet for inneverande kommunestyreperiode.